



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

SEKSE SKULE



3. – 6. november 2008



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderarar?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderarane førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderarane skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Sekse skule er ein 4 - delt barneskule i Ullensvang kommune i Hordaland. Skulen ligg ca. 18 km frå kommunesenteret, Kinsarvik.

Skulen ligg vakkert og fritt til , og med god utsikt til fjord og fjell.

Skulen har inneverande skuleår 56 elevar. Elevane er fordelte på 7 klassar i 4 grupper, slik:

Årstrinn	Tal på elevar	Kontaktlærarar
1.årstrinn	5	1
2.årstrinn	5	
3.årstrinn	10	1
4.årstrinn	11	
5.årstrinn	4	1
6.årstrinn	7	
7.årstrinn	14	1

Det er 11 tilsette ved skulen.

Rektor er Helga Opedal, 8 tilsette er pedagogisk personale, og i tillegg har skulen 3 andre tilsette.

Skulen har skulefritidsordning som er open frå 13.00 – 16.00 alle skuledagar.

Organisering av kvardagen er slik:

8.15 – 9.45 Undervisning

15 min friminutt

10.00 – 10.50 Undervisning

10.50 – 11.20 Matpause

11.20 – 12.50 Undervisning

10 min friminutt

13.00 – 13.45 Undervisning

Fellestid/ skuletid:

Måndag – fredag 8.00 – 15.30

FAU er samansett av 7 klassekontakter frå 1.-7. trinn.

Pedagogisk plattform:

Kvar elev skal ha det trygt og skal få oppleve læring og meistring kvar dag.

Hovudmål: Tilpassa opplæring



3 – Vurderingstema

Sekse skule har bede om vurdering på følgjande tema:

ELEVVRDERING

Tema for vurdering er henta frå Sekse skule sin pedagogiske verksemdsplan, der me finn under utviklingsarbeid:

Arbeid med vurdering i dokumentasjon og elevsamtalar.
Arbeid med utvikling av felles vurderingskultur.
Arbeid med fagplanar og kompetansemål





4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarane, og godkjende av skulen.



ELEVVRDERING

Kriterium	Teikn på god kvalitet
Vurderinga er læringsorientert	<ul style="list-style-type: none">- eleven er aktiv og tek medansvar i vurderingsprosessen- eleven veit kva som skal vurderast- eleven får vere med å bestemme kva som skal vurderast- elevvurdering er ein integrert del av lærings og undervisningsprosessen- eleven kan vurdere eige og andre elevar sitt arbeid- læringsmåla er kjende for eleven, lærarane og dei føresette- elevane kan formulere egne mål
Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt	<ul style="list-style-type: none">- eleven får skriftleg respons på arbeidet sitt- eleven får munnleg respons på arbeidet sitt- det vert gjennomført elevsamtalar/ utviklingssamtalar- eleven får rettleiing undervegs i arbeidsprosessen- eleven får undervegsvurdering- eleven får vite kva han / ho kan gjere for å verte betre



<p>Elevane er aktive i læringsprosessen</p>	<ul style="list-style-type: none">- vurderinga vert brukt for å dokumentere kompetanse- vurderinga vert brukt til å gje informasjon og for å fremje kontakt mellom skule og heim- vurdering vert brukt for å legge til rette for tilpassa opplæring- vurderinga fremjar eleven si evne til å gjere bevisste val- eleven er bevisst på eigne læringsprosessar
<p>Skulen har felles rutinar/system for vurdering</p>	<ul style="list-style-type: none">- skulen har system og rutinar for dokumentasjon og arkivering for elevvurdering- skulen informerer elevane og deira føresette om vurderingspraksisen ved skulen- elevar og foreldre er med på evaluering av vurderingspraksisen- lærarane har felles forståing av omgrepa læring, kunnskap og vurdering- lærarane drøftar ulike omgrep innanfor vurdering utan karakter, som t.d. lav - , middels- og høg kompetanse- skulen har system for kartlegging og oppfølging av resultat
<p>Skulen er ein lærande organisasjon</p>	<ul style="list-style-type: none">- det er lagt til rette for samarbeid- det er lagt til rette for kunnskapsdeling/ metodedrøfting- skuledagen er organisert for tilpassa opplæring- personalet er opne for endringar- skulen vurderer jamleg verksemda si- lærarane har kompetanse i dei faga dei underviser i- leiinga gjev god informasjon- dei tilsette søker informasjon sjølv



5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Elevar, lærarar, foreldre og leiing på Sekse skule.
- Eksterne: Turid Mykkeltvedt, Kolbjørn Blikås og Laila Sægrov

Grunngjeving for val av informantar:

Temaet for vurderinga, ELEVVRDERING, vedkjem alle partar i skulen. Difor var det naturleg at vurderarane henta informasjon frå alle desse gruppene.

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderarane møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderarane på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderarane informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Tid	Aktivitet	Ansvar
November - 07	Plan for skulevurdering i regionen, Sekse skule skal ha vurdering haust 2008	Hardanger/Voss kompetanse - region
15/9 -08	Vurderingsveke vert fastlagt til veke 45, 3/11-6/11-08	Skulen og vurderarane
15/9-08	Vurderingstema: Elevvurdering	Skulen
15/9 -08	Glansbilde for vurderingsområdet blir utarbeidet og sendt skolen.	Vurderarane og rektor
15/9-25/9- 08 25/9 - 08	Glansbildet vert drøfta av dei tilsette på Sekse skule Skulen sender melding om at dei godkjenner glansbilde	Rektor og vurdererne
8/10-08	Skulen får tilsendt tidsplan og brev til foreldre med invitasjon til foreldremøte. Rektor sender invitasjonen vidare til foreldra som er aktuelle. Tidsplanen bør presenterast for dei tilsette.	Vurderarane og rektor



Veke 45 2008	<p>Vurderingsveka Måndag 3/10 Kl 8.00 Vurderarane møter personalet, presenterer seg kort og skisserer arbeidet utover i veka</p> <p>Samtale med elevar etter slik plan: 8.15 – 9.00 elevane i første klasse 9.00 – 9.45 elevane i andre klasse 10.00 – 10.45 elev nr 3, 7, 9 og 10 i tredje klasse</p> <p>10.45 – 11.20 pause og ev. observasjon</p> <p>11.20 – 12.15 elev nr. 1,4, 6 og 8, i fjerde klasse 12.15 – 12.50 elevane i femte klasse</p> <p>13.15 – 14.00 møte med rektor</p> <p>Foreldremøte kl. 18.00</p> <p>Tirsdag 4/10 8.15 – 9.00 elev nr. 2, 3, 5 og 8 i sjette klasse 9.00 – 9.45 elev nr. 1,4, 9 og 11 i sjunde klasse</p> <p>10.00 – 13.50 Samtale med grupper av tilsette etter plan laga av rektor: Tre – fire i kvar gruppe</p> <p>14.00 – 14.45 møte med rektor gjennomgang av arbeidet så langt</p> <p>Onsdag 5/10 8.15 – 10.45 Observasjon av undervisning. Analyse og vurdering. Rapportskriving.</p> <p>Torsdag 6/10 Framlegging av rapport for rektor kl. 12.00.</p> <p>14.15 – 15.15 Framlegging av rapport for heile personalet. Det er viktig at skuleeigar er representert. Rektor overtek "stafettpinne" og seier noko om arbeidet vidare.</p>	<p>Rektor legg til rette</p> <p>Vurderarane og hospitantar</p> <p>Rektor legg til rette. Me må ha eit rom til disposisjon.</p> <p>Rektor lagar ein plan slik at undervisninga kan gli</p> <p>Vurderarane</p>
	Rapport med vedlegg vert sendt leiar i vurderingsgruppa	



Veke 46	for arkivering, den offisielle delen vert etter ei stund lagt ut på den regionale heimesida. Rapporten/dokumentet blir sendt elektronisk til skulen og skuleeigar. Skulen får og alle resultat av samtalar elektronisk.	Vurderarane.
Innan 3. desember	Skulen evaluerer vurderingsveka og sender svar innan ein månad til Turid Mykkeltvedt som vidare sender den til leiar i vurderingsgruppa, Aud Lygre	Rektor og T.S.M.

7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument: arbeidsplanar og resultat av elevundersøkinga. I vurderingsveka fekk vurderarane i tillegg verksemdsplanen til skulen, og pedagogisk utviklingsplan.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i K-06, Opplæringslova med forskrift, Vurderingsføreskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse utan endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

Tema i desse samtalane er henta frå Glansbiletet, teikn på god praksis.

Desse guidane ligg som vedlegg til rapporten.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt



møte med klassekontaktane og deira varafolk. Møtet vart halde måndag 3/11-08 på skulen, og 15 foreldrerepresentantar møtte vurderarane.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid. Vurderarane har hatt møte med rektor på slutten av dei to første dagane på skulen. Rapportane (offisiell og konfidensiell) vart lagt fram for rektor torsdag 6/11 – 08 kl. 12.00.

Observasjon

5/11-08.

Me observerte i alle klassane, på SFO og var litt med på utedagen til første og andre klasse.

Elles fekk me omvisning på heile skulen i starten av vurderingsveka.

8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet





Kriterium: Elevane får tilbakemeldingar på arbeidet sitt.
(§ 3-3 i vurderingsforskriftene)

- *Elevane får skriftlege tilbakemeldingar.*

Me finn at skulen har system for dette, men at det blir noko ulikt brukt.

Elevane seier at dei får rettingar på arbeid dei gjer, og at dei får kommentarar i leksebøkene/arbeidsbøkene.

Foreldre seier at dei får skriftlege kommentarar på lesekort i norsk og i engelsk på småskuletrinnet, og at dei på mellomtrinnet får jamlege meldingar om resultat på a-plantestar. Dei seier og at det er bra med skriftlege meldingar til jul og til våren. Skulen har rutine på å lage skriftleg vurdering til konferansetimane haust og vår. Denne blir teken vare på og føl eleven til neste trinn.

- *elevane får rettleiing undervegs i arbeidsprosessen*
- *elevane får munnleg respons på arbeidet sitt*
- *elevane får vite kva han / ho kan gjere for å verte betre*

Mange elevar seier at dei får god tilbakemelding munnleg frå lærarane, både undervegs i arbeidet og ved måloppnåing. Dei seier og at dei får god rettleiing og hjelp til å bli betre. Organiseringa av undervisninga legg til rette for slik rettleiing av den einskilde elev. "Me snakkar om me har nådd måla i slutten av veka". " Me får vite kva me skal gjera for å bli betre på elevsamtale og konferansetime"

Lærarane meiner at den munnlege tilbakemeldinga og rettleiinga er god. Dei meiner og at den er svært viktig. "Munnleg tilbakemelding skapar dialog med eleven".

"Tilbakemeldingane er svært konkrete". "Elevane set pris på respons".

Ved observasjon såg me at det som vart sagt var tilfelle i praksis.

Kriterium :Vurderinga er læringsorientert

- *læringsmåla er kjende for eleven, lærarane og dei føresette*

Kunnskapsløftet s.35: Opplæringslova §1-2:

Heimen skal få informasjon om måla for opplæringa i faga, kva fagleg utvikling elevane har i forhold til måla, og korleis heimen kan medverke til å fremme måloppnåinga deira. Vidare skal heimen ha informasjon om korleis opplæringa er lagt opp, og kva for arbeidsmåtar og vurderingsformer som blir brukte. Det må også leggjast til rette for at foreldre og føresette får nødvendige opplysningar for å kunne delta i reelle drøftingar om utviklinga av skolen.

(Oppl.l. § 1-2 og forskrift kap. 3)



Frå St.meld. 31 (2008) s. 25

- Mange elevar forstår ikkje kva vi meiner når me spør om dei kjenner læringsmåla sine
- Foreldre uttalar at dei i liten grad kjenner læringsmåla

Sekse skule har nedlagt eit stort arbeid på dette område ved å bryta ned kompetansemåla for alle årssteg innan basisfaga. Ved å gjera dette har skulen fått eit verktøy slik at dei kan gjera måla tydelege for elevar og foreldre.

Foreldra er tydelege på at dei veit at læringamåla står på vekeplanane eller a-planane, og dei aller fleste elevane veit kvar dei finn læringsmåla. Me finn likevel at elevane i stor grad framleis er meir opptekne av kva dei skal gjera (arbeidsmengd) når dei får planane. Lærarane uttrykkjer at dei vektlegg gjennomgang av arbeidsmåla for å få elevane til å forstå at dette er det viktigaste.

Her er skulen kome godt på veg, hald fram med å vektleggja dette.

ELLES:

- Sekse skule er innbydande å koma til, både ute og inne. Der herskar orden, system, harmoni og trivsel. Me i vurderingsgruppa blei veldig godt mottekne.
- Overalt på skulen møtte me høflege, blide og kjekke elevar.
- Felles aktivitetsdag ein gong i månaden er eit flott tiltak for samkvem på tvers av alle klassane.
- Me fekk høyre om Ryddulf og trappemøte, der heile skulen samla seg om å ta eit krafttak for orden, og dette har gjeve strålande resultat.
- Me fekk høyre tankar om kva ein skal bruke trappemøte til no når god orden er på plass. Det gjekk på å framheva kjekke og positive ting som nokon har gjort. Dette høyrer veldig spennande og positivt ut.
- Dei vaksne me hadde kontakt med viste stort engasjement og entusiasme for skulen sin.
- Skulen har godt med datautstyr som verkar.
- Skulen har høg status hos foreldra.
- Foreldra seier at dei er svært nøgde med at borna deira vert sett på skulen, og dei understreka og at dei vaksne på skulen ivaretek borna si sikkerheit godt.



9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet



Kriterium: Elevane får tilbakemeldingar på arbeidet sitt.

- *Det vert gjennomført elevsamtalar.*

Elevar og lærarar På Sekse skule snakkar mykje i lag om det som skjer på skulen. Nokon lærarar seier at dei har mange samtalar med elevane sine, særleg når det er stasjonsundervisning og når det er a-plantimar. Andre gonger er det samtalar på eigne rom. Tema for samtalanene er både av fagleg og sosial karakter. Foreldra gjev tilbakemelding på at det er god kommunikasjon mellom elevar og tilsette. Elevane set pris på og ønskjer samtalar.



Vurderarane vil peike på at skulen har eit potensiale til å utvikle system for ein betre elevsamtale. Det bør haldast elevsamtalar som er meir formelle. Det kan lagast mal på skulen for ein samtale minst ein gong for halvåret som er varsla, som har ei fast tidsramme, som viser kva som skal takast opp, som gjev elevane høve til å førebu seg og som skal ha ei oppsummering som skal gjerast kjend for foreldre.

- *elevane får skriftleg respons på arbeidet sitt*

Ein del foreldre og elevar seier dei får for lite og for sjeldan skriftleg tilbakemelding på arbeidet. Foreldra ynskjer meir av dette. Dei veit ikkje heilt kor borna står. – Skal foreldra vera med på å ta ansvar for, og bidra til borna si læring, er det naudsynt at dei blir kjende med skulen sine mål og vurderingar gjennom jamnlege og tydelege skriftlege tilbakemeldingar.

Vurderingsgruppa vart gjort kjende med ein del tilbakemeldingar. Nokre av desse var informative og målretta, medan mange av dei var overfladiske og lite målretta, (smilefjes, OK, flott, bra o.l.)

Vurderarane vil rå til at skulen sender skriftleg vurdering av elevane i førekant av konferansetimen til foreldre, slik at alle kan møta førebudde.

Kriterium: Vurderinga er læringsorientert

- *elevane er aktive og tek medansvar i vurderingsprosessen*
- *elevane får vere med å bestemme kva som skal vurderast*
- *elevvurdering er ein integrert del av lærings og undervisningsprosessen*
- *elevane kan vurdere eige og andre elevar sitt arbeid*
- *elevane kan formulere eigne mål*

Vurderarane har få tilbakemeldingar på elevmedverknad på eiga læring og vurdering. Dei fleste elevane seier dei er meir opptekne av kva dei skal gjera enn kva dei skal læra (læringsmål), " me syns det er viktigare å leika"

Elevane seier dei ikkje får vera med å laga læringsmål.

Ein del av elevane ynskje medverknad på endring av vekeplan, og uttrykte kva dei ville endra på "Me vil vita kva me skal gjera i timane på vekeplanen"

Elevane er i liten grad med på å vurdere andre sine arbeid, " me skal passa på oss sjølve"

Lærarane er samde i at elevane får vera for lite aktive og deltakande i vurdering og læring.

Kunnskapsløftet legg vekt på at elevane skal vera aktive og medverkande i eiga læring. Ein del av grunnlaget for vektlegginga av dette i læreplanen er at elevane skal få eigarforhold til eige arbeid, læring og måloppnåing.

Dette må skulen ta tak i, gjerne med utgangspunkt i arbeidet med læringsmåla.



Kriterium :Skulen er ein lærande organisasjon

- det er lagt til rette for kunnskapsdeling/
metodedrøfting

”Lærer elever mer på lærende skoler?” – Kunnskapsberetningen 2003

Det teoretiske perspektivet bygger på tre klassiske bidragsytere i litteraturen om lærende organisasjoner: Chris Argyris og Donald Schön (1978), Peter Senge (1990), og Ikujiro Nonaka og Hirotaka Takeuchi (1995). De tar alle utgangspunkt i at mye av den praksisnære kunnskapen vi bruker for å gjøre jobben vår, ikke er fakta vi har lest i en bok eller tilegnet oss på skolebenken, men at arbeidstakerne selv skaper kunnskap i møte med konkrete oppgaver og kolleger. Disse forfatterne bygger på læringsteori og kunnskapssosiologi som på litt ulikt vis knytter kompetanse og læring til handling og samhandling i sosiale kontekster.

Frå St.meld. 31 (2008):

- Fellestid for lærarar er ofte informasjon og planlegging av ulike aktivitetar
- Bruk av tid til erfaringsdeling og pedagogiske drøftingar vert det i liten grad tid til

Det vurderarane finn i samtale med lærarane her ved skulen er i tråd med det andre skular rundt om landet hevdar og som vert sitert frå St.meld. 31.

Lærarane seier at det på ein måte er to skular i skulen, og at ”dei oppe” ikkje veit kva ”dei nede” driv på med, men alle uttrykkjer at dei gjerne vil vita meir om kvarandre.

Overgangen for elevar frå 4. til 5. klasse kan verta stor, når avstanden er så stor mellom dei vaksne når det gjeld praksis og erfaringsdeling. Kunnskapsløftet skal vera ein gjennomgåande læreplan, der elevar skal merka samheng mellom læring frå barnehage til vidaregåande.

Dei tilsette uttrykkjer at innhaldet i fellestida ikkje alltid vert opplevd som like nyttig for alle, diskusjonar som ikkje vert landa, og som ofte ikkje har relevans til arbeidet i klasserommet.

Her må rektor, gjerne saman med representantar frå dei to teama, gjera grep som fører til at fellestida i større grad vert nytta til erfaringsdeling og kvardagslæring. Det hadde og vore bra for skulen om det vart lagt opp til at lærarane på dei ulike trinna fekk planmessig hospitera hjå kvarandre.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

10 – Vidare arbeid

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Lofthus, 6/11 - 2008

Laila Sægrov

Kolbjørn Blikås

Turid S. Mykkeltvedt



Ikkje offentleg

RAPPORTVEDLEGG

Sekse skule



3. til 6. november 2008



1 – Dette sa elevane

Vurderinga er læringsorientert	<ul style="list-style-type: none">• får de vera med å vurdera eige arbeid-• veit de kva som vert vurdert-• får de vera med å bestemma kva som skal vurderast-• lærer de noko av dei vurderingane de får-• kan de vurdera eige arbeid-• kan de vurdera andre elevar sitt arbeid-• kjenner de læringsmåla-• kjenner foreldra læringsmåla-• kan de laga eigne mål for kva de skal læra-
Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt	<ul style="list-style-type: none">• skriv læraren noko om det arbeidet de gjer-• seier lærarane noko om det arbeidet de gjer-• har de elevsamtalar-• får de rettleing medan de arbeider med oppgåver-• får de vita kva de skal gjera for å verta betre-
Elevane er aktive i læringsprosessen	<ul style="list-style-type: none">• hjelper tilbakemeldingar frå lærar å velja kva de må arbeida meir med-• veit de når og korleis de lærer-
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">• har de flinke lærarar-



Vedlegg 22 – Dette sa foreldra

Set opp punkt som de meiner Sekse skule er flink til	
Set opp punkt som de meiner skulen kan bli flinkare til	
Set opp punkt som foreldra kan bli flinkare til	
<i>- læringsmåla er kjende for eleven, lærarane og dei føresette</i>	
Kjenner de læringsmåla til elevane?	
<i>- eleven får skriftleg respons på arbeidet sitt</i> Får de sjå tilbakemeldingar på elevane sitt arbeid? <i>- Eleven får vite kva han/ho kan gjera for å verta betre</i> Er tilbakemeldingar frå lærar slik at de kan sjå kva eleven skal gjera for å verta betre ?	
<i>- skulen informerer elevane og deira føresette om vurderingspraksisen på skulen</i> Får de informasjon om korleis skulen vurderer elevane si læring? <i>- elevar og foreldre er med på evaluere vurderingspraksisen</i>	



Diskuterer de med skulen korleis elevane vert vurdert?	
---	--

Vedlegg 33 – Dette sa dei tilsette

Vurderinga er læringsorientert	<ul style="list-style-type: none">• er elevane aktivt med i vurderingsprosessen-• veit elevane kva som skal vurderast-• får dei vera med å bestemma kva som skal vurderast-• er vurdering ein del av lærings- og undervisnings-prosessen-• kan elevane vurdere eige og andre sitt arbeid-• er læringsmåla kjende for elevar og føresette-• kan elevane formulere eigne mål-
Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt	<ul style="list-style-type: none">• får elevane skriftlege tilbakemeldingar-• får elevane munnlege tilbakemeldingar-• vert det gjennomført elevsamtalar-• får elevane rettleiing undervegs-• får dei vurdering undervegs-• får dei konkret vita kva dei må gjera for å verta betre-



Elevane er aktive i læringsprosessen	<ul style="list-style-type: none">• korleis brukar de vurderingane som dokumentasjon for elevane sin kompetanse-• korleis brukar de vurderingane for å gi heimane informasjon-• brukar de vurderingane for å leggja til rette for tilpassa opplæring-• prøver de gjennom vurderinga å få eleven til å gjera val i høve til eiga læring-• får de elevane til å forstå korleis dei lærer-
Skulen har felles rutinar/system for vurdering	<ul style="list-style-type: none">• har skulen system og rutinar for dokumentasjon og arkivering for elevvurdering-• informerer skulen foreldre og elevar om vurderingspraksisen-• drøftar de vurderingspraksisen med elevar og foreldre-• har lærarane felles forståing av omgrepa læring, kunnskap og vurdering-• drøftar de kva som ligg i omgrepa låg, middels og høg kompetanse-• har skulen eit system for oppfølging av kartleggingsprøvar-
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">• er det lagt til rette for samarbeid-• er det lagt til rette for kunnskapsdeling/metodedrøfting-• er skuledagen organisert med tanke på tilpassa opplæring-



	<ul style="list-style-type: none">• er personalet opne for endringar-• vurderer skulen jamnleg verksemda si-• har lærarane kompetanse i dei faga dei underviser i-• gjev leiinga god informasjon-• søker dei tilsette informasjon sjølve-
--	--